

ÅRSMELDING 2021

FOR

JONDAL SOKNERÅD



JONDAL SOKNERÅD 2020-21

Anne Røymstad	leiar
Åse Marit Jørgensen	nestleiar
Ingebjørg Grøtt	kasserer
Karin Gangdal	skrivar
Marit Hessvik	medlem
Cecilie Stærnes	fellesrådsrepresentant

Maria E.Sørheim	1 vara
Asta Nøkland	2 vara
Kristine Gangdal	3 vara
Anna S.Gagnon	4 vara

Leiar og nestleiar er kvart år på val. Resultatet av val i desember 2021, førde til at det ikkje blei nokon forandring. Slik er rådet for perioden 2021-2022 identisk med rådet for 2020-21.

PRESTESITUASJON

Frå 01.09.21 har vi hatt ein stabil prestesituasjon med vikar prest Arne Opsahl Engen og Marna Roer. Dei har delt oppgåvene mellom seg slik:

Opsahl Engen har 50 % stilling i Jondal. Avtalen gjelder ut sommaren 2022.

Han har ansvar for konfirmantarbeidet og gudstenestene i Jondal sokn. Har og enkelte gudstenester i Utne Sokn.

Marna Roer har ansvar for gravferdtenesta i soknet og har i utgangspunktet 25% .

Soknerådet er svært nøgde med vikarane og takkar for eit godt og givande samarbeid.

UTVAL

To utval er aktive.

Kyrkjemusikalsk utval: Åse Marit Jørgensen er soknerådet sin representant

Diakoniutval: Karin Gangdal, Ingebjørg Grøtt og Åse Marit Jørgensen. Dei har samarbeida med Diakon om å lage diakoniplan som er ferdigstillt og behandla i soknerådet.

TILSETTE

Klokker Haldor Tuvin har hatt permisjon frå klokkartenesten 2021, tek til igjen januar 2022.

Arjen Stolk har fungert som vikar deler av denne tida.

SOKNERÅDSARBEID

Soknerådet er nå halwegs i peroiden på 4 år. Ein har etter kvart fått oversikt og innsikt i kva for oppgåver som til ei kvar tid skal løysast.

Soknerådet har jobba godt og framdrifta har vore god . Samarbeidet med dei tilsette har vore bra.

Korona pandemien har også dette året prega aktiviteten i samfunnet generelt.

Kyrkja har ikkje vore noko unnatak. Aktiviteten har vore mindre og møtepunkta færre grunna både nasjonale og lokale restriksjonar.

Ingen gudstenester er avlyst dette året, men fleire blei endra til digitale.

Også dette året har det vore begrensningar på antall deltakarar og trong for å registrere alle som skal delta på ulike arrangement.

Gudstenester, konsertar, salmekveldar og gravferder er streama ut slik at fleire har fått moglegheit til å delta - digitalt.

Bebuarane på Vikevollen har hatt tilgang til å følgja arrangement ved overføring som vanleg.

Grunna smittesituasjonen i mai, vart konfirmasjonen også dette året utsatt ,til siste søndagen i august. Den vart gjennomført med restriksjonar og avgrensa tal med familiemedlemar som kunne være med.

Det var 13 konfirantar.

- Soknerådet har hatt 10 møter og behandla 50 saker.
- Soknemøte for 2020 vart gjennomført 7 november.
- Det har vore trong for to kyrkjevertar det meste av året ,grunna pandemi.
- Ikkje vore kyrkjekaffi grunna restriksjonar. Unnatak var soknemøte 7/11
- Vi hadde ei kjempe koselig samling for sokneråd/tilsette i september.
Julesamling for soknerådet blei utsatt grunna smittesituasjonen på det tidspunktet.
- Open kyrkje sommar var på andre året, ikkje mogleg å få til i tråd med nasjonale føringar og restriksjonar jmf.pandemi.
- Soknerådet har vore med å skipa til sommaravslutning og juleverkstad for songarane i Solstråla. Begge velukka og det vart ei koseleg stund både for små og store.
- «Julerosa» konserten med Herborg Kråkevik med fleire , vart avlyst på lik linje med mange andre julekonsertar i landet jmf.pandemi. Vi har eit håp om at 2022 gir moglegheit for ein ny konsert

GUDSTENESTER OG ANDRE SAMLINGAR

- Det har vore 24 gudstenester i Jondal i 2021. Det er 8 færre enn i 2020. Mange av gudstenestene er streama til Vikevollen.
- 1091 personar har delteke på gudsteneste i Jondal Kyrkje dette året.
- Det har vore 7 salmekveldar. Jmf.pandemi har det vore anten live eller streama/opptak.
- Prest og kantor har gjennom mange år hatt andakter på Vikevollen anna kvar veke. Grunna pandemi har det dei siste to åra vært gjennomført når smittetrykk og nasjonale føringar har gjeve rom for det. Det har vore 17 andakter på Vikevollen i 2020
- Det har vore 13 konsertar i Jondal kyrkje dette året. I talet inngår lunsjkonsertar, jule/adventskonsertar, sommarkonsert. Bjarte Leithaug i samarbeid med Solstråla hadde konsert 11 september og Laudamus og Oddgeir Bruaset hadde konsert arrangement i desember.
- Konfirmantane var med med på ei felles samling i Odda for alle konfirmantane i Ullensvang. Kjendis prest Tor fra Farmen var med. Velukka og konfirmantane var nøgde.
- Babysong har vore eit tilbod og i 2021, det var 20 deltakarar tilsaman.

STATESTIKK KYRKJELEGE HANDLINGAR

Vigslar	0
Dåp	13
Gravferder	8
Antal gudstenester	24
Konfirmerte	13

ØKONOMI

Når det gjeld offerpengane er oppfordringa frå Bispedømme at fordelinga av offer- pengane er fordelt slik: 1/3 til føremål utomlands, 1/3 til organisasjonar/føremål innenlands og 1/3 til vårt eige arbeid i kyrkjelyden.

Soknerådet vil oppmuntre til at fleire går inn i ei fast givarteneste.

Revidert og godkjend rekneskap ligg som vedlegg. Morten Åsbø har revidert rekneskapen

KYRKJEMUSIKALSK ARBEID

Jondal Grendakor er soknet sitt vaksenkor.11 medlemar i 2021.

Solstråla/konfirmantkor til saman 21medlemar.

Kantor har laga ei eigen årsmelding for kyrkjemusikalsk arbeid og tiltak i samband med trusopplæring.

ANNA

Fasteaksjonen i 2021 var som året før, digital.

Soknerådet har og dette året hatt fokus på smittevern og gjennomføring av smittevernreglar under gudsteneste og andre arrangement.

Fleire frå soknerådet deltok i kurs/møte arrangert av UKFR jmf. høyringa om ny kyrkjeordning. Jondal Sokneråd sendte inn svar på høyringspørsmål innan tidsfristen 1 desember. Det vert spanande å sjå kva som kjem ut av det og kva konsekvensar det får for organiseringa av kyrkja i framtida.

VEGEN VIDARE

2021, har fortsatt vore prega av pandemi og restriksjonar.

Til tross for dette, har ein i Jondal kyrkje, klart å oppretthalda mykje aktivitet.

Jondal sokneråd vil takke dei tilsette, og dei frivillige, som bidreg til at Jondal kyrkje er ein levende stad å koma til. Takk for stort engasjement og kjærleik til kyrkja vår.

Ein ekstra takk til dei tilsette, som ei tid , prega av restriksjonar, har gjennomført aktivitetar, sjølv om det har medført mykje ekstraarbeid.

Vi ynskjer.

Å bidra til at Jondal kyrkje er ei ope kyrkje der det er aktivitet, stor høgde under taket og eit rom for alle dei som vil komma.

Arbeide for meir aktivitet knytta til kyrkja, og søke samarbeid med andre organisasjonar, som td. Frivilligsentralen.

Enkel kirkecaffe etter gudstenestene og fremme sosiale møtepunkt.

Åpen kyrkje med arrangement/kvelder der ein uformelt kan samtala om div. tema.

Soknerådet vil takke alle som kvar dag har tanke og engasjement for kyrkja vår !
Det har vore eit givande og godt år , trass pandemi og utfordringar i samband med det.
Vi er takknemlege for tilliten dere har gjeve oss i soknerådet og vi vil arbeide vidare for vekst og utvikling i kyrkja og kyrkjelyden vår.

Jondal; Mars 2021.